

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
080/22	Formannskapet	PS	01.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-223	22/816

Søknad om driftstilskot Industriutvikling Vest

Vedlegg:

Søknad om driftstilskot frå Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Austrheim gjev 150.000 i årleg støtte i fem år, men med etterhald om at IUV kjem til neste formannskap og fortel kva dei har fått til og korleis dei jobbar. Dette er eit signal om at Austrheim er positive til å gje støtte, men treng meir informasjon.

Formannskapet - 080/22 - 01.09.2022

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at kommunen har støtta IUV også tidlegare, men då gjennom Mongstad Vekst sitt tilskot. Lerøy sa vidare at IUV har bidratt med mykje viktig i regionen, også med å sikra andre statlege tilskotsmidlar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) etterlyste kva IUV har bidratt med i Austrheim, og sa vidare at 150.000 i året også kunne vore nytta til tilskot frå næringsfondet, der ein ikkje har noko inne no. Dyrkolbotn spurte kva ein får att.

Lerøy sa at IUV har vore inne i både Mongstad Industrier og Tobias Plast, og at det vidare vert jobba tett med Regionrådet og Nordhordland Næringslag. Rapportering må ein sjølvsgart krevja undervegs. Helge Dyrkolbotn (KrF) sat at ein kan løyva 150.000 til to år i første omgang, og så vurdera igjen, til dette sa Lerøy at femårsperioden er knytt til at Siva opererer med ein femårsplan.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er industriutvikling i Nordhordland, og at ein bør tenkja på dette som ein heilskap.

Per Lerøy (Ap) sa at dette er for heile regionen, kommunen sitt bidrag til dette.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at formannskapet ikkje har midlar til å gje støtte frå eige næringsfond, og kva hjelp kan desse få av IUV.

Morten Sognnes (H) etterlyste meir om kva IUV har gjort for næringslivet i Austrheim.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at det er vanskeleg å gje støtte med den søknaden som ligg der i dag.

Per Lerøy (Ap) la fram framlegg om at Austrheim gjev 150.000 i årleg støtte i fem år, men med etterhald om at IUV kjem til neste formannskap og fortel kva dei har fått til og korleis dei jobbar.

Dette er eit signal om at formannskapet er positive, men treng meir informasjon.

Morten Sognnes (H) sa at dette bør inkludera ei referanseliste som viser kva dei har støtta og kva det har komme noko ut av.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for ordførar Per Lerøy (Ap) sitt framlegg til vedtak.

FS vedtak:

Austrheim gjev 150.000 i årleg støtte i fem år, men med etterhald om at IUV kjem til neste formannskap og fortel kva dei har fått til og korleis dei jobbar. Dette er eit signal om at Austrheim er positive til å gje støtte, men treng meir informasjon.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunen mottok 06. juli epost frå dagleg leiar i Industriutvikling Vest, Børge Brundtland. Han har hatt samtal med ordførarar.

Industriutvikling Vest (IUV) er i søknadsprosess om å søkje SIVA SF om ein ny programperiode for å driva inkubatorverksemd i regionen vår.

Kommunen har ikkje dei seinare år gjeve driftstilskot til Industriutvikling Vest, men har indirekte bidrege gjennom Mongstad Vekst AS. Mongstad Vekst vil no tre ut på eigarsida og dermed fell ein del av grunnlaget for tilskot bort.

IUV søker om eit årleg driftstilskot på kr 150 000,- i åra 2023 til 2027. Dette vil i perioden utgjere kr 750 000,-

Vurdering

IUV bidreg til næringsutviklling i regionen. Mongstad Vekst skal avviklast og noko av grunnlaget for tilskot til IUV fell med det bort.

Ein må vurdere om ein skal gå inn på ei økonomisk forplikting på kr 150 000,- pr år i ein fireårsperiode. Ein lyt også vurdere kva kommunen får att gjennom eit slikt tilskott.

Dersom formannskapet meiner det vil vere bra å gå inn på å gje IUV driftstilskot, må det innarbeidast i budsjett for 2023 og økonomiplanen for 2023-2026.

Miljø:

Vil ikkje få nokre konsekvensar for miljø.

Økonomiske konsekvensar:

Eit årleg driftstilskot på kr 150 000,- og vil utgjere kr 750 000,- for åra 2023-2027.

Konklusjon

Kommunedirektøren legg saka fram for formannskapet utan tilråding.